

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Dalsfjord

Emne:

Bygdelag: Steinsvik krins

Oppskr. av: Sverre Lyngnes

Gard:

(adresse): Steinsvik på S.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Den vanlege nemnemåten er innmark og utmark -uttagjerdsmark -uttagjerds slått. Ordet ekre er eller har vore nokså lite nytta. Derimot attelege er velkjent og blir framleis nytta om den grasmark som før har vore åker. Ein skil og skilde enga i to: småhøy og langhøy. Utslåttar vart rekna som småhøy, men dei kunne seia at graset var der (i den og den teigen) godt som langhøy. Kanskje kunne ein ta med ei 3. slag, det ringaste av alt, både kvantitativt og kvalitetsmessig: skrap slått - skrapmark. Langorvslått var det berre tale om på innagjerdsmark (Teigane utangjerdes var ikkje inngjerde)
2. Kvar vår rydde ein all innagjerdsmark. Det kallast å rydje - og dungane som vart: rydedungar. Dei vart helst brende. På gjødsla mark raka ein bort gjødselkokane som låg att. Ein bruka det inn i sauegardane i fjøsen. Steinane fekk liggja.
3. Mosevakså slåttemark vart det ikkje gjort noko med. Heimeavla frø -høyfrød- sádde ein når ein la att reitar og ákrar.
4. Vássjuk gjord vart grøfta. Her på dei 5-6 bruka er visseleg fleire mil grøfter, endå jorda her er ikkje sers våt. Vatning har her ikkje vore nytta.
5. Terre innmark vart gjødsla, har vore i bruk frå gamalt av. Vintergjødselele vart delt på eng og på áker. Dei gjødsla så sterkt som dei hadde gjødsel til, var i det heile vyrke for gjødselele - tad som det kallast. Som attátgjødsel henta dei fiskeslog frå øyane, serleg torskeinmat. Ja, det vart og førd tønner med folke-



ekskrementer frå Alesund hit !

6. Gjødsla mark kallast den dag i dag for taddemark. Høyet derfrå vert rekna som langhøy.

7. Å setja husa for tunsiget veit ein ikkje å seia har vore gjort. Tunsiget kallast l o s i g. Åkrane laut ein nok leggja der det var beste marka til det, antan der var flatt eller bratt.

8. Ein har alltid bruka vårgjødsling av eng. Ein har trudd at ved haustgjødsling ville mesteparten av verdet bli utvaska om vinteren. Ein nytta (r) same reidskapane som ved åkergjødsling. Før bruka dei berre dragsledar, og ein breidde etterkvart or sleden med greip. Det måtte vera høveleg ver, litt regn m a r k e t a d v e r. Seinare når gjødselen hadde tørka litt ~~rakax~~ r a k a e i n t i t a d a med vanleg rive, gnura det sundt ellere ein s l o (g) j a det nedi med ein sloge av kvister. No køyrer ein med tohjula gjødselvogn (hjulslède) eller i brattlendt terreng dragslede såkalla m o k e s l e d e. No ryd ein ikkje bort den gjødselen som event. ligg att.

9. Haustane s l e p t e e i n p å b ø alltid, og gjer det i mindre grad enno. Når kornet- som til vanleg var det siste- var inne snøydde kyr, hestar og sauer over all innagjerdesmark. Det hende ein måtte gjerde inne kornhesjar, potetåkrar o. likn. Denne sleppinga var for skort av mat i utmarka. Det same var i nokon monn bruka ~~fxxxom~~ før vårstida. No er det slutt med all vårbeiting på innegjerdsmark. Einast kan vera at læmsøyer slepp ut på groren så tidleg som mogleg.

11/ Noko arbeid med dette har det ikkje vore.

12. Dei vart alltid hadde inn i heimfjøsene. Sommarfjøs som her kallast v å r f j ø s a r er i bruk berre når krøtra (kyrne) vert slept utangjerdes. Sauene er då farne i marka for godt -kring midten av mai.

13. Ukjent

14. Kvier - inngjerdingar - finst og fanst berre på setrane på fjellet. Steingjerde. No er dei ikkje bruka "et er ikkje slått på setrane.

15. Ukjent.

16. Vakthuset vart kalla va k j a r h u s, oftast bygt av stein og fast.



Vakjarhuset vart i eldre tid nytta for dei som passa buskapen for udyr, varg og bjørn. Også som gjøtarhus om dagen, då buskapen alltid måtte gjøtast.

18. Ukjent.

19. Kvie har vi om eit gjerde som ovanfor nemnt. Vidare har vi same ordet om ein sommarfjøs der dei berre har geitene. -/Ordet stød (utt. styd) har vi om ei båt-styd tilhøyrande kvart naust, nedgjennom fjæra/  
Støl (utt. støy) om seter, altsaman både husa og staden, berre husa heiter sel.

20. Ikkje slåttemark på setra.

21. Svare på før.

Fiskeslo måtte blandast med vatn, og ikkje havast tjukt på, eller så brende det. Det skulle vera ei hjelp mot mose. Oske vart vel samla og nytta, helst på visse stader; namn som Oskemyra tyder på det.



Levre Lyngnes,  
Steinsvike på Linnmisa.

M. r. d.

Dalsfjord.


I samarbeid med  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Vedk. spørsmål 5. vannbæring og tilleggsspørsmål til nr. 12.

Alt dette er heilt ukjent i vår bygd.

3256

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING